

Arkivsaknr:	2020/687
Arkivkode:	
Saksbehandler:	Marianne Stranden

Saksgang

Formannskapet

Møtedato

24.08.2020

Øremerket tilskudd til vedlikehold og rehabilitering - prioritering av prosjekter

Kommunedirektørens forslag til vedtak:

Gildeskål kommune har mottatt kr 800 000 i øremerket tilskudd til vedlikehold og rehabiliteringsprosjekter. Tilskuddsmidlene benyttes til følgende prosjekter, prioriteres i rekkefølge, inntil tilskuddsmidlene er oppbrukt:

- | | |
|---|------------|
| 1. Vedlikehold prestkaia | kr 200 000 |
| 2. Nytt gjerde Inndyr barnehage | kr 200 000 |
| 3. Ny inngang GIBOS (helsestasjon) | kr 400 000 |
| 4. Vedlikehold av Monumenter | kr 20 000 |
| 5. Heis for bevegelseshemmede i basseng | kr 100 000 |

Bakgrunn for saken:

17. og 19. juni vedtok Stortinget Kommuneproposisjonen 2021, revidert nasjonalbudsjett 2020 og koronatiltak fase 3. Det blir innført ett øremerket tilskudd til kommunesektoren på 2,5 milliarder kroner til vedlikehold, rehabilitering og oppgradering av kommunal infrastruktur. Formålet med tilskuddet er å bidra til økt aktivitet i bygg- og anleggsbransjen, og å hente inn noe av vedlikeholdsetterslepet i kommunene.

For Gildeskål kommune utgjør tilskuddet kr 800 000. Kommunedirektøren fremmer denne saken nå for å forankre prioriteringen av vedlikeholdsprosjekter politisk.

Vurdering:

Følgende føringer er satt fra kommunal og moderniseringsdepartementet om bruk av pengene:

Tilskotet er eit eingongstilskot for 2020. Midlane må bli brukte på prosjekt som startar opp i 2020, det vil seie at kontrakt med entreprenør må vere inngått. Midlane skal bli brukt til prosjekt og tiltak som kjem i tillegg til allereie vedtatte prosjekt, i kommunen sitt opphavlege, vedtatte budsjett for 2020.

Tilskotet skal nyttast til tiltak innan vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av bygg, anlegg og vegar. Dette omfattar infrastruktur som er eigd av organisasjonar som er regulerte i kommunelova eller kommunal særlov, dvs. kommunen, kommunale føretak (KF), interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefelleskap og interkommunale selskap (IKS).

Tilskotet skal gå til kjøp av tenester, og kan ikkje bli brukt på prosjekt som blir utførte av kommunane sine egne etatar eller av kommunale føretak. Mellombelse tilsetjingar i kommunane av registrerte arbeidsledige vil likevel liggje innanfor tilskotsordninga.

Tilskotet kan òg nyttast til vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av kyrkjebygg, dvs. kyrkjer som kommunane etter kirkeloven har eit økonomisk ansvar for.

Tilskotet kan òg nyttast til vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av bygg, vegar og anlegg som er eigde av verksemder som får kommunale driftstilskot. Tilskotet kan likevel ikkje gå til verksemder som driv forretningsverksemd eller i dei høva der bygget eller anlegget som nyt godt av tilskotet, blir brukt i forretningsverksemd. Dette inneber at òg barnehagar, skular, sjukeheimar, omsorgsinstitusjonar, museum, idrettsanlegg osv. som er eigde av andre enn kommunen eller fylkeskommunen sjølve, kan vere potensielle mottakarar av tilskotet, så framt dei oppfyller dei nemnde kriteria. For dei kommunane som gjennom tiltakspakka vel å finansiere vedlikehald, rehabilitering eller oppgradering av bygg og anlegg som dei sjølv ikkje eig, vil dette innebere at meirverdiavgiftskompensasjonen blir redusert.

Tilskotet skal ikkje gå til investeringar i nybygg/nyanlegg, bortsett frå mindre investeringar som ikkje i vesentleg grad fortrengjer andre vedlikehalds- og rehabiliteringsprosjekt. I enkelte høve vil same prosjekt kunne komme inn under både vedlikehaldstilskotet og andre statlege tilskotsordningar, t.d. investeringstilskot til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar, eller bustadtilskot til utleigebustader frå Husbanken. Dersom eit prosjekt delvis blir finansiert gjennom andre øyremerkte tilskotsordningar, kan ikkje det same prosjektet bli finansiert med vedlikehaldstilskotet.

Ut over alminnelege vedlikehaldstiltak og innhenting av vedlikehaldsetterslep, kan tilskotet til dømes bli nytta til tiltak for tilrettelegging for besøk i sjukeheim.

Det er ikkje krav om kommunal eigendel for å kunne få tilskotet. Tilskotet skal i utgangspunktet fullfinansiere vedlikehaldsprosjekt i regi av kommunen eller ved kjøp av tenester. Ved tiltak som har høgare kostnadsramme enn tilskotet, kan kommunen supplere med egne midlar.

Med det som utgangspunkt foreslår Kommunedirektøren følgende prosjekter:

1. Vedlikehold prestkaia	kr 200 000
2. Nytt gjerde Inndyr barnehage	kr 200 000
3. Ny inngang GIBOS (helsestasjon)	kr 400 000
4. Vedlikehold av Monumenter	kr 20 000
5. <u>Heis for bevegelseshemmede i basseng</u>	<u>kr 100 000</u>
SUM	kr 920 000

Tiltakene som er foreslått overstiger tilskuddsbeløpet. Det er fordi beløpene pr vedlikeholdsprosjekt er beregnet ut fra beste estimat. Tanken er at hvis prosjektene ikke blir så kostbare som foreslått så skal neste prosjekt på lista prioriteres.

Kommunedirektøren anbefaler at budsjettreguleringen, der økt inntekt og økt utgift synliggjøres, fremmes i tertialrapport 2/2020.

Konklusjon:

Gildeskål kommune har mottatt kr 800 000 i øremerket tilskudd til vedlikehold og rehabilitering. Kommunedirektøren anbefaler å bruke midlene på prestkaia, gjerde Inndyr barnehage, inngang GIBOS (helsestasjon), monumenter og heis for bevegelseshemmede i basseng.

Budsjett for 2020 reguleres i tertialrapport 2/2020